



Det vert allsong på Kafe Tiaren den fyrste tysdagen i månaden mellom kl. 12 og kl. 12.30

Det er ynskje om litt allsong på Kafe Tiaren. Det vert løyst slik at på den fyrste tysdagen i månaden, vert det lagt inn ei kort økt med song og evt. andre innslag, mellom klokka 12 og 12.30. Frammøte på Kafe Tiaren etter oppstarten i det nye året har vore svært bra, over det som er vanleg.

Reidar Myklebust, Svein Rimestad og Kristian Bringedal vil stå for allsongen, men det er høve for å ta inn gjesteartistar. Det vert framført kjære og kjende songar, men innimellom vert det lagt inn songar med nye tekstar.

Vi kjenner til at nokre faste gjester på Kafe Tiaren spelar piano. Det vil soleis vera fint med litt taffelmusikk.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Gunnlaug Eik / Kristian Bsringedal



Kafe Tiaren kan syna til godt besøk i det nye året.